

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2016	Formannskapet i Radøy	PS	18.02.2016
009/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	03.03.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/233	16/1571

Delegasjon av einskildvedtak om prikktildeling ved brot på alkohollova

Saksopplysingar:

Frå 1.1.2016 har stortinget vedteke nye normerte reglar for inndraging av sals- og skjenkeløyve. *Prikktildelingssystemet* er omgrepst for dei nye reglane som ein finn i alkoholforskrifta kapittel 10 og er knytt til alkohollova §1-8.

Før var det ei skjønsmessig vurdering som vart lagt til grunn for inndraging av løyve, medan det no er eit obligatorisk og nasjonalt system som skal sikra meir effektiv oppfølging av regelbrot og ei likebehandling som er føreseieleg.

Hovudtrekka i prikktildelingssystemet er at:

- Ved brot på pliktene skal prikkar tildelast etter §10-3 i alkoholforskrifta. I §10-4 vert det gjeve ei snever opning for å gjera vedtak om færre eller fleire prikkar enn skildra i §10-4. Dette gjeld ved svært skjerpande eller svært formidlande omstende.
- To likearta brot som vert avdekka i same kontroll skal reknast som eitt einskild brot.
- Dersom løyvehavar er tildelt totalt 12 prikkar i løpet av ein periode på to år, skal kommunestyret inndra løyve for eit tidsrom på ei veke. Ved einskildhøve og ambulerande skjenkeløyve vert det gjeve avslag på neste søknad.
- Eit einskild brot kan maksimalt gje åtte prikkar.

Fylkesmannen er klageinstans. Ein kan velja å venta med å klaga til ein eventuelt får 12 prikkar. Klageretten går altså ikkje ut på dato, men ein kan ikkje klaga på nytt på prikkar som ein alt har vore i gjennom ei klagehandsaming.

Rådmannen vil rå til at han får delegasjonsmynde til å gjera einskildvedtak om inntil 11 prikkar. Ved tildeling av 12 prikkar og stenging vil rådmannen rå til at kommunestyret gjer vedtak jamfør §10-6 andre ledd.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret delegerer til rådmannen å gjera einskildvedtak om prikkar for lovbroten knytt til alkohollova, alkoholforskrifta og kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer. Delegeringa gjeld for inntil 11 prikkar for ein sals- eller skjenkestad i løpet av to år. Kommunestyret gjer sjølv vedtak om tildeling av 12 prikkar.

Formannskapet i Radøy - 015/2016

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Kommunestyret delegerer til rådmannen å gjera einskildvedtak om prikkar for lovbroten knytt til alkohollova, alkoholforskrifta og kommunen sine alkoholpolitiske retningsliner. Delegeringa gjeld for inntil 11 prikkar for ein sals- eller skjenkestad i løpet av to år. Kommunestyret gjer sjølv vedtak om tildeling av 12 prikkar.

Kommunestyret i Radøy - 009/2016

KS - handsaming:

Kommunestyret vedtok samråystes formannskapet si tilråding.

KS - vedtak:

Kommunestyret delegerer til rådmannen å gjera einskildvedtak om prikkar for lovbroten knytt til alkohollova, alkoholforskrifta og kommunen sine alkoholpolitiske retningsliner. Delegeringa gjeld for inntil 11 prikkar for ein sals- eller skjenkestad i løpet av to år. Kommunestyret gjer sjølv vedtak om tildeling av 12 prikkar.

Vedlegg:

Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv